

Sak til samarbeidsutvalet

Går til:	Medlemene av utvala
Utval:	Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
Dato:	8. desember
Sakshandsamar:	Astrid Toft, KS Vestland
Saka gjeld:	Læringsnettverk for gode pasientforløp
Saksnummer:	49/21

Bakgrunn:

Satsinga Nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløp starta i 2014 og blir vidareført ut 2023 slik at alle kommunar i landet og helseforetak skal få tilbod om å delta. Målet med læringsnettverket er å sikre brukarane sine behov for å møte heilskaplege, koordinerte og trygge tenester. – Med denne saka oppfordrar ein Samarbeidsutvalet til å oppmøde partane i Helse Bergen området til å delta i læringsnettverk for gode pasientforløp.

Kommunar i Helse Bergen sitt nedslagsfelt har lenge etterlyst å få delta i læringsnettverk for gode pasientforløp. Ønskje har vore fremja ei rekke gangar via USHT til KS, seinast frå møte 4.2.2021. 29. sept. 2021 var det eit digitalt møte mellom FHI, KS og Helse Bergen, der ein var enig om å få fram ei sak i Samarbeidsutvala. - Endeleg er det tid , rom og kapasitet til å få læringsnettverk for gode pasientforløp på plass.

KS gjennomfører læringsnettverk for Gode pasientforløp i samarbeid med [Folkehelseinstituttet](#). Arbeidet er finansiert av Helse- og omsorgsdepartementet som også leier styringsgruppa. *Formålet er å støtte kommunane og helseforetaka i å forbetre overgangane i pasientforløpet og å sikre brukarane sine behov for å møte heilskaplege, trygge og koordinerte tenester.*

Læringsnettverket føreset at kommunar og helsefortak samarbeider. Nettverksarbeidet er organisert og leia av Folkehelseinstituttet og KS sentralt, leia av fagleiar Sigrid J. Askum i KS og fagleiar Anders Vege i Folkehelseinstituttet.

Medan det har tidlegare vore gjennomført separate læringsnettverk for eldre og kronisk sjuke og psykisk helse og rus, vil arbeidet i perioden 2020-2023 omfatte alle brukarar. Kvart læringsnettverk vert tilpassa lokale forhold.

Det vert jobba mykje med god kommunikasjon og informasjon frå læringsnettverka, det er og følgeforsking og ei rekke forskingsprosjekt knytta til læringsnettverka:

<https://www.ks.no/fagområder/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/>
<https://www.ks.no/fagområder/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/læringsnettverk-og-samlinger/>

Drøfting/vurdering:

4.februar 2021 arrangerte USHT Bergen samling for kommunane, dei fleste representert ved kommunalsjefar. Der var det innlegg og drøfting av læringsnettverk Gode pasientforløp ved Anders Vege, FHI og Sigurd Askum, KS, for å informere om læringsnettverk Gode pasientforløp. Etter den samlinga oppsummerte USHT og KS saman, at alle kommunane var interesserte i få ta del i dette viktige utviklingsarbeidet. (Askøy kommune tok etterhald, pga anna prosjekt).

Signala sentralt frå er at dette skal no vere mogeleg å få til i Helse Bergen sitt nedslagsfelt. Og at dette må også helseforetaka ønskje å vere med på. Møtet mellom Helse Bergen, KS og FHI fann stad 29. sept. Oppsummert var det positiv innstilling i det møtet til tiltaket. Og det var semje om at dette utviklingsarbeidet bør forankrast til Samarbeidsutvala.

Kort om læringsnettverka:

Arbeidet byggjer på HPH og «hva er viktig for deg?» . «[Helhetlig pasientforløp i hjemmet» \(PHH\)](#) – eit rammeverk med strukturert oppfølging ved hjelp av sjekklistar. Arbeidet skal og resultere i at brukaren opplever likeverd når ein utarbeider vedkomande sitt pasientforløp. Derfor er «kva er viktig for deg?»-spørsmålet så sentralt og viktig.

Totalt har 160 av landets kommuner deltatt eller deltar i Gode pasientforløp sammen med helseforetaka.

Erfaringar frå deltakarar er godt dokumentert i Nasjonalt senter for e-helseforskning si midtevaluering: «Konklusjonen i rapporten er at Gode pasientforløp er et visjonært, målrettet og uhyre viktig arbeid som har betydning på mange fronter i tjenesten. Gode pasientforløp er med på å drive fram et nødvendig og overordnet paradigmeskifte i retning av en personsentrert helsetjeneste.»

Frå samandraget: «Satsingen Nasjonalt læringsnettverk for gode pasientforløp eies av KS Kommunesektorens organisasjon (KS) og gjennomføres i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI). Kortversjonen av navnet på den nasjonale satsingen er Gode pasientforløp (GP). GP er en visjonær satsning, bygget på et solid teorigrunnlag med høyt ambisjonsnivå. GPs ambisjon om å skape endring i komplekse systemer er ekstremt krevende, og selv når man gjør alt riktig, så vil det ta tid.»

<https://www.ks.no/fagområder/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/omsatsingen/svart-positiv-midveisevaluering-av-gode-pasientforlop/> (2021)

Andre erfaringar:

Sitat: «Ekspedisjonssjef Petter Øgar leder Kommuntenesteavdelingen i Helse- og omsorgsdepartementet. Han sa i sin innledning at departementet har hatt sterkt tro på at læringsnettverkene for gode pasientforløp kan bidra til en reell kvalitetsutvikling i helse- og omsorgstjenestene. Nå konstaterer han at Gode pasientforløp er en suksesshistorie som har utgjort en reell forskjell.»

Ass. klinikksjef Morten Mowe, OUS/Uo: «om sykehuslegens rolle. Han understreket at det er fem punkter som er særlig sentralt i arbeidet med å skape gode pasientforløp.

- 1. Planlegge hjemreise tidlig og informer pasient/pårørende/fastlege*
- 2. God medikamenthåndtering*
- 3. Sikre god epikrise: Kvalitet og innhold*
- 4. Hva er viktig for deg?*
- 5. Informere fastlegen om videre behandling»*

Ein kan tilrå å lese meir i årsrapport 2020 - lenke vedlagt.

Praktisk: Perioden for læringsnettverka er på 18 månader. Før oppstart er det førebuing på tre månader. I løpet av nettverksperioden vert det arrangert fire samlingar. Det vert også arrangert ei erfaringssamling ca. eit år etter den fjerde samlinga. I tillegg vert det arrangert ei årleg nasjonal erfaringssamling.

Kommunar og helseforetak som skal delta må ha/etablere forbetingsteam og deltar i nettverket med desse forbetingsteama. Det vert informert om dette i invitasjonen til læringsnettverket.

Det er utvikla kompendium for Gode pasientforløp: <https://www.ks.no/fagområder/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/omsatsingen/kompendium-for-gode-pasientforlop/>

Grunnlaget for å få på plass læringsnettverk i Helse Bergen området skule vere det beste. Signala sentralt frå er at oppstart kan skje tidleg i 2022.

Kommunikasjon: det er satsa mykje på kommunikasjon rundt det som føregår i praksis i læringsnettverka, og det som kjem av resultat frå ei rekke forskningsprosjekt.

Årsrapporten 2020:

<https://www.ks.no/contentassets/72317cd9b816441eb2036b4abe3a941d/Gode-pasientforlop-arsrapport-2020.pdf>

Kunnskapsgrunnlag og verktøy for arbeidet med Gode pasientforløp:

<https://www.ks.no/fagområder/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/kunnskapsgrunnlag-og-verktøy/>

Artikkkel frå oppstart på Helgeland oktober 2021:

<https://www.ks.no/fagområder/helse-og-omsorg/eldreomsorg/gode-pasientforlop/læringsnettverk-og-samlinger/endelig-oppstart-av-læringsnettverk-pa-helgeland/>

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for oppmodar kommunar og helseforetak til å førebu seg til å delta i læringsnettverk for gode pasientforløp, og melde seg på når invitasjon til læringsnettverk for gode pasientforløp kjem.